



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

GRANVIN SKULE



12.-15.02.2007



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

1 Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar ?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

2 FAKTA OM SKULEN

Granvin barne – og ungdomsskule har i skuleåret 2006 – 07 140 elevar. Skulen er fulldelt. Dette er einaste skulen i kommune. Skulen ligg i sentrum, og har symjebasseng og idrettsbane knytt til anlegget. Skulen er bygd i 1972, og er påbygd i 1995. Det er godt med areal ved skulen.

Rektor ved Granvin barne – og ungdomsskule er Lars Kvamme. Han tok til i stillinga i august 1995.

Det er 30 tilsette. Av dei er det 21 lærarar og 4 assistentar/fagarbeidarar.

Det er SFO ved ved skulen, men berre 9 elevar nyttar seg av tilbodet i år. SFO er oppe alle skuledagar frå 07.30 til 15.30.

Halvparten av elevane kjem med buss til skulen. Ca.10 elevar kjem frå nabokommunen, Ullensvang.

3 VURDERINGSTEMA

Granvin barne – og ungdomsskule har bede om vurdering av følgjande tema:

Korleis arbeider Granvin barne– og ungdomsskule med basisdugleiken ”Å kunne rekna”?

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

Kriterium	Teikn på god praksis
Det er eit godt læringsmiljø på skulen	<ul style="list-style-type: none">• Elevane viser respekt og toleranse for kvarandre• Elevane har respekt for dei vaksne på skulen• Elevane møter engasjerte og motiverte lærarar• Elevar, lærarar og foreldre bidrar til eit godt læringsmiljø• Elevane er nysgjerrige og lærevillige
Elevane får tilpassa opplæring i matematikk	<ul style="list-style-type: none">• Elevane får oppgåver dei meistarar• Elevane får oppgåver som utfordrar dei• Elevane når læringsmåla• Elevane får varierte arbeidsoppgåver• Elevane har lett tilgang til konkretiseringsmidlar/ undervisningsutstyr.• Elevane nyttar ulike læringsstrategiar og arbeidsmåtar• Undervisninga føregår på ulike arenaer• Faget vert knytt til elevane sin kvardag• Elevane får trening i å vurdera kva dei har lært• Elevane får tilbakemelding og vurdering• Lærarane nyttar resultat frå kartleggingsprøvar til planlegging av vidare undervisning• Skulen har dokumentasjon som viser eleven si utvikling
Skulen arbeider aktivt med å knyta dei fem ferdigheitene til matematikkfaget, og å bruka rekning i alle fag.	<ul style="list-style-type: none">• Elevane får trena på rekning i alle fag• Elevane har munnlege aktivitetar og drøftingar• Elevane les og forstår tekstar med matematisk innhald• Elevane les og forstår tabellar, diagram og statistikkar• Elevane forstår bilete og illustrasjonar brukte i rekning og matematikk (småskulen)• Elevane viser forståing for "fagspråk" gjennom skriftleg arbeid• Elevane får bruka pedagogisk programvare, digitale verktøy og digitale læringsressursar



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

<p>Skulen vektlegg elev- og foreldremedverknad i matematikkfaget</p>	<ul style="list-style-type: none">• Skulen gjennomfører planlagde elevsamtalar• På elev- og foreldresamtalane vert læringsmål og undervisningsmåtar drøfta• På elev- og foreldresamtalane vert det drøfta kva som fører til læring og framgang hjå elevane• Foreldra får god informasjon om matematikkfaget• Foreldra opplever skulen som open for kontakt og samarbeid• Foreldra kjenner til kva dokumentasjon skulen samlar i elevmapper• Foreldra engasjerer seg positivt i barnet si læring i kvardagen
<p>Skulen vil utvikla seg som ein lærande organisasjon</p>	<ul style="list-style-type: none">• Skulen arbeider målretta med kompetanseutvikling• Leiinga ved skulen set av tid til felles refleksjon• Skulen arbeider systematisk med å utvikla kvalitet på undervisninga• Personalet reflekterer over og er opne for endring av eigen praksis• Personalet endrar eigen praksis• Prosjektet er breitt forankra i kollegiet og vil ha konsekvensar for alle lærarane



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne : Tilsette, elevar og føresette.
- Eksterne : Hanne Sandvik og Marit Gursli frå Vurderingsgruppa.
- Hospitantar: Frå Aust- og Vest Agder deltok Gerd Helga Stifoss-Hanssen og Kjersti Østmoe for å læra metodikken til vurderingsgruppa.

Grunngjeving for val av informantar

Når det gjeld vurderingsområdet "Korleis arbeider Granvin barne- og ungdomsskule med basisdugleiken "Å kunne rekna"? " valde vi å fokusera mest på elevar og lærarar.

Me henta og informasjon frå dei føresette for å få best mogeleg informasjon om området.

Alle lærarane som var knytt opp mot faget matematikk vart intervjuet. Frå kvart trinn vart to elevar trekt ut vilkårleg og intervjuet.

På foreldremøtet møtte FAU- representantane med varamenn.

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføre ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

TID	TILTAK	ANSVAR
Desember	Skulen melder inn vurderingstema	Rektor
Veke 3	Vurderar lagar framlegg til glansbilete og sender dette til rektor og hospitantar	Vurderarar
Veke 4	Hospitantar mottar framlegg til glansbilete	
Veke 4 (kl 14.00)	Vurderar møter rektor. Saker: 1. Orientering om Hardanger - Voss vurderingsgruppe Diskutere framlegget til glansbilete og skulen sitt arbeid med det før endeleg godkjenning. 2. Diskutere og fastslå tidsplan og innhald i vurderingsveka.	Rektor og vurderarar.



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

	3. Overlevering av aktuelle dokument: Døme på arbeidsplanar for alle trinn, overordna planar for skulen.	
Fredag 26.	Skulen sender tilbakemelding/ godkjenning av glansbiletet	Rektor
31.januar	Vurderar lagar påstandsskjema til elevar og foreldre og sender det til rektor. (kopi til hospitantar)	vurderarane
Tysdag 6.februar	Rektor administrerer utfylling og innsamling av skjema og returnerer til vurderar Adr. H.S 5476 Mauranger	Rektor
Veke 6	Rektor lagar timeplan for møter og samtalar tysdag, onsdag og torsdag i vurderingsveka	Rektor
Innan veke 7	Vurderar skårar påstandsskjema, ogb lagar samtaleguidar.	Vurderarane
Veke 7	Vurdering på skulen	
Måndag 12.februar	Kort møte med rektor, vurderar og hospitantar På skulen 17.30. Vurderar får timeplan for veka. Foreldremøte kl 18.00.	
Tysdag morgon.	Møte med rektor	
Torsdag	Kl.13.00: Møte med rektor og ev. skuleeigar Kl. 14.00: Presentasjon av rapportframlegg Det er ønskeleg at skuleeigar er representert Justering og ev. rettingar, overlevering av rapport i papir og digitalt format. Overlevering av evalueringsskjema	Vurderarane
	Rapport med vedlegg vert sendt leiar i vurderingsgruppa for arkivering, den offisielle delen vert etter ei stund lagt ut på den regionale heimesida	vurderarane
	Skulen evaluerer vurderingsveka og sender svar innan ein månad til vurderarane.	rektor



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sendte vurderingsparet diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, generell informasjon om arbeidsplanar, vekeplanar og aktivitetsplan.

Spørjeskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut eit påstandsskjema til samtlege elevar på 5.-10.klasse. Matematikklærarane fylte ut påstandsskjema og dei føresette fylde ut eit påstandsskjema for kvart barn. Desse vart returnerte til vurderingsparet for oppsummering.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde kriterium og teikn på god praksis med utgangspunkt i vurderingstemaet, Kunnskapsløftet og skulen sine planar. Skulen godkjende glansbiletet.

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderingsparet samtaleguidar for samtalar med dei tilsette og elevane. I tillegg spørsmål til diskusjon på foreldremøtet.

Observasjon

Vurderarane observerte praksis i matematikkundervisninga på ulike trinn.

Vurdering

Vurderingsparet føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå samtalar og observasjon, skulen sine planar og anna relevant materiell mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.



8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN VURDERINGSOMRÅDET

1. Skulen har sett matematikkfaget i fokus.

Lærarar, elevar og føresette ser på matematikk som eit viktig fag.

Lærarane er samstemte om at matematikk er eit viktig fag.

Lærarane på 1.-4.trinn har fått fagleg oppdatering gjennom å delta i ei kursrekke. Dei har teke i bruk nytt læreverk.

SU har vore med å setje matematikk som eit utviklingsområde (viktig fag).

2. IKT.

Skulen har godt med utstyr. Ein maskin pr. to elevar.

Alle lærarane har fått fagleg oppdatering gjennom kurs.

Rammene for å ta i bruk IKT ligg godt til rette.

3. Læringsmiljøet er prega av respekt og toleranse.

Administrasjonen er synleg og visar at dei bryr seg.

Dei tilsette opplever godt samarbeidsmiljø.

Elevane gjev uttrykk for tryggleik og trivsel elevane i mellom, og i høve til dei vaksne.

4. Samarbeid heim-skule.

Dei føresette seier dei har lyst til å læra meir om korleis dei kan hjelpa elevane i matematikkundervisninga.

Dei føresette er positive til skulen.

Det er gode rutinar rundt elevsamtalar og konferansetimar.

Dei føresette opplever at det er lav terskel for å kunne ta kontakt med skulen.

5. Skulen har starta arbeidet med synleggjering av læringsmåla i matematikk.



9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET

1. Vidareutvikle arbeidet med å bryte ned kompetansemåla til tydelege læringsmål i matematikken.

Heile skulen må konkretisera og bruke læringsmåla.

Elevane må bevisstgjerast på læringsmåla.

Info til foreldre.

Må kunne etterprøvast, vurderast og dokumenterast.

2. Kvalitetssikre matematikkfaget i ein heilskap frå 1-10 trinn.

Bruke kompetansen i kollegiet.

Diskutera faget.

Delta på kurs (mellomtrinn og ungdomstrinn).

Lage gode rutinar for overføring av informasjon slik at ikkje viktig informasjon går tapt eller vert utegløymt.

Viderutvikle system for dokumentasjon og arkivering.

Matematikk inn i alle fag.

Vurdere skifte av læreverk.

3. Betre tilpassinga av matematikkundervisninga

Ein bør variere arbeidsmåtar for å imøtekomme elevanes ulike måtar å læra på, og å øve ulike læringsstrategier.

Større utval og betre tilgjengelegheit av utstyr/ konkretiseringsmateriell/ programvare.

Betre differensiering i oppgåvetypar og mengde for å sikre at alle får ei kjensle av meistring og utfordring.

Bruke resultatata frå kartlegging og veketestar aktivt til å tilpasse undervisning.

4. Pedagogisk utviklingsarbeid

Administrasjonen styrer det pedagogiske utviklingsarbeidet gjennom aktiv bruk av plangruppa.

Det må setjast opp møteplan.

Det bør vera fagmøte med jamne mellomrom.

Det bør setjast av tid til felles refleksjon om pedagogisk utviklingsarbeid.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

10 VIDARE ARBEID ETTER MND – ÅR - SKULE

Utviklingsområde	Idear	Dette er gjennomført etter 6 mnd	Tankar om vidare arbeid
1. Vidareutvikle arbeidet med å bryte ned kompetansemåla til tydelege læringsmål i matematikken.	Læringsmål på alle vekeplanar. Meir konkrete målformuleringar. Veketest for alle trinn?		
2. Kvalitetssikre matematikkfaget i ein heilskap frå 1-10 trinn	Diskutere fag på tvers av trinn. Timeplanen leggjast på teama? Felles rutinar for dokumentasjon av læringsutbytte.		
3. Betre tilpassinga av matematikk-undervisninga	Tilpassing av vekeplanane før dei delast ut til elevane. Systematisk oppbygging og plassering av matematisk utstyr.		
4. Pedagogisk utviklingsarbeid	Bruk sakliste og referat. Dei må vera kjende for alle. It's learning.		

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Granvin, 15.februar 2007

Hanne Sandvik
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss

Marit Gursli
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 1

Påstandsskjema for elevar i 5. – 10. trinn, Granvin skule

Set kryss under tala 4 – heilt eining, nedover mot 1 – heilt ueining. 0 er veit ikkje.

	Påstandar	4	3	2	1	0
1	Eg viser respekt for andre elevar og lærarar.					
2	Eg følgjer reglane som gjeld på skulen.					
3	Eg får oppgåver i matematikk som eg klarar å løysa.					
4	Eg får oppgåver som eg må grubla litt på.					
5	Eg kjenner læringsmåla (veit kva eg skal kunna).					
6	Undervisninga i matematikk er variert.					
7	Eg har elevsamtalar der eg får vita kva eg kan og kva eg bør jobba meir med.					
8	Me har munnlege aktivitetar i matte-timane.					
9	Me brukar digitale verkty og programvare i timane.					
10	Av og til er eg med på å vurdera mitt eige arbeid.					
11	Eg tykkjer matematikk er eit kjekt fag.					
12	Eg tykkjer matematikk har vorte vanskelegare no enn tidlegare.					
13	Eg får hjelp heime dersom eg treng det.					
14	Dei heime følgjer godt med i skularbeidet mitt.					

Kjønn	Jente	Gut
Klasse		



[VEDLEGG 2](#)

Vurderingsveke på Granvin barne- og ungdomsskule

Tema: Korleis arbeider Granvin barne- og ungdomsskule med basisdugleiken ”å kunna rekna”?

Påstandsskjema til føresette

Føresette svarer på eit skjema for kvart barn dei har i skulen

Barnet mitt går på trinn

	Heilt ueinig	Litt ueinig	Litt einig	Heilt einig	Veit ikkje
1. Eg/vi har inntrykk av at det er eit godt læringsmiljø på skulen					
2. Vårt/våre barn trivst på skulen					
3. Eg/vi veit kva som er læringsmåla i matematikk kvar veke					
4. Barnet vårt meistrar dei fleste oppgåvene i matematikk					
5. Barnet vårt får passeleg utfordrande oppgåver i matematikk					
6. Eg/vi veit korleis vi best kan hjelpe barnet vårt med heimearbeid i matematikk					
7. Vi får god informasjon om korleis barnet vårt utviklar seg i matematikk					
8. På foreldresamtalane vert det drøfta kva som fører til læring for barnet vårt					
9. Eg/vi opplever skulen som open for samarbeid					



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

VEDLEGG 3

Vurderingsveke på Granvin barne- og ungdomsskule

Tema: Korleis arbeider Granvin barne- og ungdomsskule med basisdugleiken ”å kunna rekna”?

Påstandsskjema til lærarar som underviser i matematikk

Eg underviser på trinn:

	Heilt ueinig	Litt ueinig	Litt einig	Heilt einig	Veit ikkje
1. Dei som skil seg ut fagleg eller på annan måte, har eit trygt læringsmiljø på vår skule					
2. Det er arbeidsro i mine timer					
3. Eg er ein engasjert lærar					
4. Elevane mine er lærevillige					
5. Eg tykkjer foreldra er gode støttespelarar for skulen					
6. Vi har god tilgang på konkretiseringsmidlar og utstyr til matematikkundervisninga.					
7. Elevane mine kjenner kva som er læringsmåla i matematikk kvar veke					
8. Alle mine elevar får rekneoppgåver dei kan meistre					
9. Alle elvane mine får utfordrande matematikkoppgåver					
10. Alle elevane mine får jamleg tilbakemelding og vurdering i matematikk					
11. Eg har god dokumentasjon på s elevane si utvikling i matematikkfaget					
12. Årsplanane syner korleis rekning skal øvast i alle fag					
13. Det er vanleg å drøfta tal og matematiske problemstillingar i mine timar					
14. Matematikklærarane samarbeider med dei andre faglærarane på trinnet om rekning som grunnleggjande dugleik					
15. Elevane på vår skule har minimum to elevsamtalar i året					
16. Leiinga set av tid til felles refleksjon					
17. Personalet er opne for endring av eigen praksis					